



President Gianni Rebaudo i Uskedalen tok initiativet til innsamlinga lokalt

Sjølv om Arsal flyktningeleir nord i Libanon ligg under eit varmare himmelstrok enn her tek det snart til å verta kaldt i veret og ikkje minst borna frys. Difor er den store innsats som Lions har sett igang for dei viktig - og i føremiddag har Gamleskulen i Uskedalen vore prega av han. 6 av dei 27 medlemmene i Lions Club Kvinnherad har vore igang med sortering og pakking av ullklede, vintersko og leikar.



[Agnar Melkersen](#) og [Jan B. Ingvaldsen](#) frå Husnes med ein heilt ny genser som det ikkje var mogeleg å selja her. Dei fleste barnehagane i kommunen har vore med på innsamlinga - også dei 2 i Uskedalen - og den velorganiserte aksjonen gjer inntrykk. Ullkleda er heile og reine og sorteringa går lett fordi det på førehand er trykt opp plakatar med dei aktuelle aldersgruppene. Det lettar også den vidare transporten til den borgerkrigsherja regionen.



Det er ein velorganisert aksjon Lions gjennomfører.

Ikkje alle klede er brukt - i den store haugen finn ein også til dømes fine og ubrukne gensarar. Dei hadde det kanskje ikkje vore mogeleg å selja frå butikken på Husnes og ein måtte ha kasta dei hvis ein ikkje hadde hatt dette gode føremålet å ty til.

Sorteringa er litt av eit puslespel, men Lionsmedlemmene går til verket med liv og lyst og tykkjer det er ei god oppleving å gjera ein innsats for frysande born i Midtausten.



Slik ligg flyktningleiren - tett opptil Syria

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Flyktingar på veg inn til Arsal